



2. Jan Henrik Nygård

46 år, gift og har to barn. Er fødd og oppvaksen i Florø og arbeider som blikkenslagermester i H. Nygård AS. Medlem av formannskap, bystyre, KFFlora Hamn og Næring, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet og seniorutvalet. **Hjertesaker:** Tilrettelegge for lokale bedrifter • arbeidsgjevarpolitikk i Flora kommune • alt innan klima, energi og miljø • ein god skule for alle • drift og vedlikehald av kommunen sin bygningssmasse • økonomi.



3. Anne-Lise Norstrand

46 år, er gift og har fire barn, bur på Fanøy. Er fødd og oppvaksen på Kinn og arbeider som barnevernspedagog i Flora kommune. Varamedlem til bystyret og helse- og sosialutvalet. **Hjertesaker:** Barn og unge sine oppvekstvilkår • ei betre eldreomsorg • god båtutestruktur for å oppretthalde levedyktige øysamfunn • tilrettelegge for fleire arbeidsplassar i øyane.



4. Trond Ramstad Olsen

49 år, er gift og har tre barn. Fødd og oppvaksen i Florø og arbeider som personalrådgjevar. Medlem av bystyret, helse- og sosialutvalet og tidlegare av kulturutvalet. **Hjertesaker:** Sikre hjelp til dei som treng det mest • hjelp til sjølvhjelp for somme • gje borgarløn i staden for sosialhjelp • vidareutvikle Flora som kulturkommune • satse meir på natur, helse og miljø i næringsutviklinga i Flora • ta vare på Florø sitt særpreg, og la Strandgata leve.

Din kandidat i Flora 1. Elisabeth Norman



Elisabeth Norman, 31 år, sambuar og mamma til Vilje, Sigyn og Styrk. Ho bur i Florø, er utdanna sjukepleiar ved høgskolen i Oslo, og ferdig spesialsjukepleiar i geriatri til jul. Har arbeidd i eldreomsorga sidan 1997. Skal nå jobbe eit år for NAV Flora trygd.

Det trengst eit løft for eldreomsorga i kommunen vår, m.a. må grunnbemanninga aukast. Dette er nødvendig for å auke kvaliteten på dei tenestene vi skal yte. Alle som ønskjer det bør få fulle stillingar, noko som vil gi betre kontinuitet i forhold til den enkelte tenestemottakar. Med tanke på at 75% av bebuarar på sjukeheim har ei demenslidning, er det viktig at vi kan gi eit godt og tilrettelagt tilbod til denne gruppa. Tilsette i eldreomsorga bør få tilbod om vidareutdanning og kurs. Ved å ta vare på dei tilsette, tek vi og vare på tenestemottakarane. Ein kommune bør ha minimum 20% sjukeheimsplassar til befolkninga over 80 år. For å nå målet kan vi for eksempel bemanne ein omsorgsbolig som Docen. Alle som treng det må tilbydast plass med heildøgnsomsorg. Dette er spesielt viktig i ein grisgrendt kommune som vår.

Dei eg har møtt i mine 10 år i eldreomsorga er lite opp-tatt av arkitektur, størrelse på rom, utsikt o.l. For dei er det viktig å møte eit kjent ansikt og å ha ei hand å halde i. Venstre ønskjer òg å etablere vaktmeistersteneste for dei eldre i kommunen, noko vi trur vil gjere heimesituasjonen enklare for mange. Eldreomsorga trenger flere hender.

Som mor er eg oppteken av at skulane og barnehagane skal halde høg kvalitet, og vil arbeide for å auke bemanninga i barnehagane slik at barna få tettare oppfølging.

Florø sentrum treng også ein leikeplass der foreldre og barn kan møtast i fritida. Området ved paviljongen er veileigna til dette.



venstre
www.venstre.no

5. Jan Arve Midtbø, Nordalsfjord
6. Britt Madsen, Florø
7. Johny Dag Jakobsen, Eikefjord
8. Jarle Sundal, Florø
9. Bente Bjerk Hamn, Eikefjord
10. Solveig Ovesen, Florø
11. Hjørdis Nygård, Florø
12. Vidar Vassenden, Florø
13. Kolbjørn Løken, Grov
14. Gunn Høivik Nielsen, Florø
15. Kristian Jansen, Florø
16. Olaus Eikefjord Udberg, Florø

17. Rune Nilsen, Berekstad
18. Silje Midthun, Florø
19. Odd Øverøyen, Stavang
20. Shanthamathy Sivapalan, Florø
21. Dag Ove Flatjord, Florø
22. Bjørg J. Mikalsen, Florø
23. Asle Grønevik, Berekstad
24. Imke Schüren, Florø
25. Per Vidar Ottesen, Florø
26. Monica Kolseth, Batalden
27. Øyvind Bjarte Færøvik, Florø
28. Solveig Solheim, Nordalsfjord

 venstre



Generøsitet,
toleranse
og respekt

Stem på Elisabeth.
Stem på Venstre!

Venstre er tufta på sosialliberalismen sitt grunnsyn som er ein kombinasjon av fridom for den einskilde og ansvar for kvarandre. Venstre er eit parti ubunde av gruppeinteresser.

www.venstre.no

Miljø

Norge skal vere ein moderne miljønasjon. Klimaendringar og truslar mot dei livsviktige økosystema må takast på alvor. Les meir om Venstre sin klimakampanje her: www.venstre.no/framtid. Med sin unike natur, der den strekkjer seg frå bre til hav og sin desentraliserte busetnad, har kommunen vår kvalitetar som Flora Venstre er opptekne av å ta vare på.

Flora Venstre vil arbeide for:

- at miljøperspektivet skal vektleggast i all kommunal planlegging og forvaltning
- at bruk av miljøvenleg energi må inn i byggeforskriftene
- at miljøet må takast med i reknestykket når vi ser på kostnader
- at kommunen skal ha ein oppfølgingsplan for ENØK-tiltak
- ta i bruk el-bilar der det høver
- trygge gang- og sykkelveggar
- gang- og sykkelveg langs Kinnvegen og Stadionsvegen må realiserast
- vedlikehalde turstiar
- straum og lys til buer og gangveg ved kystmuseet
- arbeidet med veg til Kystmuseet må startast opp
- gjere badeplassane tilgjengelege

Skule, skulefritidsordning, barnehage

Kunnskap og kompetanse er grunnleggande for å vidareutvikle samfunnet vårt i positiv lei. All opplæring og undervisning skal vere tilpassa den einskilde eleven sine evne, og bygge på respekt for både individet og fellesskapet. Les meir om Venstre sin skulepolitikk på www.venstre.no. Skule, skulefritidsordning og barnehagar må vere med å sikre barn trygge og stimulerande oppvekstvilkår og lære dei å ta omsyn til miljøet.

Flora Venstre vil:

- Sikre oppdaterte skulebøker og datautstyr
- Oppretthalde skuletilbodet i distrikta så lenge det er pedagogisk og sosialt forsvarleg
- Sikre skulefritidsordninga med stabil og kvalifisert bemanning
- Barnehageplassar til dei som ønskjer det
- Arbeide for utdanning og lærlingplassar innan akvakultur
- Utvida studietilbod på høgskulenivå

Kommunen er til for innbyggarane og skal bygge på openheit, kvalitet, effektiv tenesteyting og god service. Tryggleik, velferd, trivsel og kvalitet må vere kjenneteikn for Flora.

Sosialt

Meir til dei som treng det mest! Eit velferdssamfunn vert målt etter korleis vi tek vare på dei svakaste. I Noreg er det ikkje lenger viktigast å gje meir til alle, men å hjelpe enkeltmenneskje som treng det.

Flora Venstre vil:

- at alle som treng det, skal få plass i heildøgnsbemanna bustad
- auke grunnbemanning i eldre omsorga
- godt og variert tilbod til demente
- fleire faste fulltidsstillingar for å sikre kontinuitet og kvalitet i omsorgstenesta
- satse på kvalitet og kompetanseheving for dei tilsette
- arbeide for nok sosiale bustader med tilfredstillande standard
- støtte rusførebyggande arbeid i skule og ungdomsmiljø
- rehabiliteringstilbud for stoffmisbrukere
- kjempe for å få pengar til å drifte Nærjsjukehuset etter intensjonane
- vidareutvikle det etablerte samarbeidet mellom kommunehelsetenesta og Nærjsjukehuset
- styrke tilbodet til rehabilitering og kronisk sjuke
- sikre at jordmortenesta og det gode tilbodet på helsestasjonen held fram
- gjenopprette barnevernsvakta
- gjere kommunen meir tilgjengeleg for funksjonshemma

Kultur

Eit godt oppvekstmiljø, kvalitet i skulen og eit aktivt kulturliv er viktige pilarar i samfunnet. Kultur er med på å skape trivsel og identitet og dette er nøkkelen til all utvikling, og næringsutvikling.

Flora Venstre vil arbeide for:

- sikre kulturskulen nok ressursar, slik at alle som ønskjer det kan få plass
- barn frå utkantane må få reise gratis til og frå kulturskulen
- fleksibel heimreise for elevar som nyttar skyss til og frå Florø
- søndagsope bibliotek i vinterhalvåret
- opprustning av Kinn kyrkje
- sette av naudsynnte midlar til å halde gravplassane i god stand
- styrke krava til estetisk kvalitet i utforming av det fysiske miljøet
- etablere leikeplass i sentrum
- bevaring og kartlegging av kulturminne
- ta vare på kulturlandskapet

Venstre ser levande lokalsamfunn som viktige ressursar for Flora. Kommunen må støtte etablering av småbedrifter og vere fleksibel i samband med å legge til rette for bustadbygging i distrikta.

Lokale verksemder: Eit kreativt og nyskapande Norge!

Framtida sitt velferdssamfunn er avhengig av eit nyskapande næringsliv. Framtida sine arbeidsplassar er enno ikkje skapte, og Venstre vil ha ein politikk som støttar nyskaparar og gründarar. Forsking, utdanning og skattesystem er viktige vilkår for framtida sine arbeidsplassar og velferd. Samfunnet må gi rom for mennesket sine skapande evne i skuleverk, forskning, kultur og næringsliv. Vi må sleppe fram dei som torer å satse på nyskaping.

Næring og samferdsle

Flora Venstre vil arbeide for:

- redingshelikopterbasen må på plass
- opprette flyrutetilbod nordover
- arbeide for at Florø Lufthamn blir hovudflyplassen i fylket
- arbeide for kystveg
- sikre tenelege båtruter
- statlege arbeidsplassar til Flora og stogge flukt av eksisterande
- opprette fleire lærlingplassar i kommunen
- arbeide for å auke talet på kompetansearbeidsplassar
- kommunen må vere ein aktiv pådrivar i arbeidet for nyskaping
- rask kommunal sakshandsaming
- vidareutvikle reiselivet i kommunen
- styrke kystsamarbeidet om turisme
- nytte kysten sitt naturlege potensialale for opplevingsferie
- vidareutvikle Flora som «fair-trade»-by
- primærnæringane skal framleis vere ein viktig del av næringsgrunnlaget i kommunen
- reduksjon av eigeidoms skatten
- sikre tilgang på næringsareal for nyetablering
- legge til rette for næringsaktivitet i heile kommunen
- vidareutvikle samarbeidet i Sunnfjordregionen

Wil du vite mer? Kontakt Flora Venstre og vår førstekandidat Elisabeth Norman på Mob 938 58 533 eller elisabeth.norman@venstre.no



venstre